

ÅRSMELDING 2009

Agder og Telemark biskop • Agder og Telemark bispedømmeråd



Innhald

Situasjonen i bispedømet

Tilstandsrapport s.2

Utviklinga i kyrkjestatistikken s.4

Strategiar og utfordringar s.5

Kyrkjeleg sektor

Kyrkjeleg demokrati s.6

Trusopplæring s.7

Gudstenesteliv s.8

Organisasjonsutvikling - lokalt forsøks og utviklingsarbeid s.8

Brukarundersøkingar s.9

Andre områder s.9
(Herunder diakoni, integrering, Ungdomsarbeid, SMM og kultur)

Prestetenesta

Lokalt tilpassa presteteneste s.11

Kompetanseutvikling s.11

Likestilling s.11

Arbeidvilkår s.12

Leiing av prestetenesta s.13

Forvaltning

Økonomiforvaltning s.14

Tilskottsforvaltning s.14

Risikovurderingar og anskaffingar s.15

Godkjenningssaker kyrkjebygg etc s.15

Miljøtiltak s.16

Forsidebilde: Gulset kyrkje med altertavle av Borgny Farstad Svalastog. (Foto: ATB/G. Myre)

Situasjonen i bispedømet

1.1 Tilstandsrapport, ei generell vurdering av situasjonen i bispedømet.

Årsmeldinga for Agder og Telemark bispedøme er felles for Agder og Telemark biskop og Agder og Telemark bispedømeråd. Den bygger på innspel frå prostane og andre medarbeidarar, samt statistikkdata om den kyrkjelege verksemda i bispedømet.

Sokna er rimeleg bra dekkja med presteneste, men det nokre stader er det tungt å få gudstenesteprogrammet dekkja. Det er tyngre å rekruttere prestar, både til vikariat og til faste stillingar. Påfallande mange prostar talar for at kyrkja må ta opp att arbeidet med å utvikle gode ikkje-ordinerte personar til å ta hand om gudstenestelege samvær.

Om storsatsinga på trusopplæring er å melde at nokre kyrkjelydar er komne godt i gang med friske pengar, andre er meir avventande, mens fleire kjenner på frustrasjon over for sein takt på tildeling av midlar. Dessutan ser ein at kyrkjelydar som har hatt godt med pengar under forsøksfasen vil måtte endre arbeidsforholdet til dåpsmedarbeidarar når heile prostiet skal inn i prosjektet. Dette har vore ei krevjande oppgåve å overta frå Kyrkjerådet.

Kyrkjevalet i haust gav ein monaleg auke i frammøtet, på det meste fem

gonger så mykje som ved førre valet. Men det er ei ålmenn røynsle at valet hadde veike sider: Det var ei for komplisert valordning, manntalet var nokre stader ikkje fullgodt og det var uklårt kva dei einskilde kandidatane sto for.

Rapportane frå arbeidet med liturgi-reforma er svært blanda. Nokre melder inn ei klårt positiv røynsle mens andre seier det har gått tregt å kome i gang med å prøve ut materialet. Det er mogleg at mange i kyrkja er trøtete av reformer. Dette må ein ta omsyn til i det vidare liturgiarbeidet.

På det diakonale feltet finst det ein god del lønna og friviljuge som tar ansvar på brei front – frå ungdomsdiakoni til eldretreff. Kragerø har etablert ein filial av Kirkens bymisjon i Kristiansand, og det arbeidet har fått god støtte frå kommune og fleire einskiltpersonar. Bymisjonen i Kragerø står for ei inkluderande "folkekyrkjediakoni".

Samarbeidet mellom kyrkje og dei friviljuge organisasjonane er vekslande: I Vest-Nedenes er det eit fruktbar samvirke mellom NMS og lokalkyrkja, medan det andre stader er uklære tilhøve. Fleire stader synes det å være lite kunnskap om "det å være kyrkje", med dei ordningane det fører med seg.

Når det gjeld strukturarbeid, så er det blitt samanslåing mellom kyrkjelydar



Den 7 mars 2009 hadde Olav Skjevesland 10-årsjubileum som biskop i Agder og Telemark. Dette blei feira med ei lita markering på bispedømmekontoret. (Foto: ATB/G.Myre)

tre stader. men det er og blitt førebudd ei utskiljing av Helle sokn i Kragerø/Sannidal. Nokre stader, særleg i Vest-Telemark, vert det meldt om nedgang i folketalet, noko som også vil verke inn på dei kyrkjelege tilhøva om den tendensen held fram.

På bygningsfronten kan det meldast at nye Gulset kyrkje i Skien vart vigsla den 21. mars 2009. Det er innvigd eit nytt kyrkjesenter i Øyestad, og på Dalen er det teke i bruk eit nytt gudstenestleg rom innanfor kulturhuset.

Prestetenesta syner stor stabilitet, men med mange prestar over 60 år kan ein sjå ein liten auke i turnover i presteskapat. Vi har difor ei viktig utfordring med utvikling av ein reell livsfasepolitikk i presteskapat. Her står mykje att å gjere.

Vidare gler vi oss over fleire ungdomsprestar som i stor grad er tufta på gjevarteneste. Ei ny slik stilling blei i fjor oppretta i Arendal. I same byen er ei stilling som institusjonsprest ført vidare.

Biskopen hadde i 2009 4 visitasar. Ein visitas er framleis ei stor hending prega av fest og målretta arbeid i kyrkjelyden. Gjennomgåande trekk har vore meldingar frå dei tilsette som rapporterar at dei får stadig mindre tid til å gjere anna enn lovpålagde oppgåver. Samtidig ser vi den store innsatsen friviljuge gjer. Det må vere eit mål at tilsette og i framtida kan vere



Staben av prestar, diakonar og evangelistar i Syd-vestregionen av EELC, saman med biskop og stiftsdirektør, samt den lokale representanten for NMS i Kamerun Erik Bischler. (Foto: NMS)

ein del av det vesle ekstra ut over kyrkjelege handlingar som ein kyrkjelyd representerar.

Vidare har biskopen ordinert 5 (4 kvinner og 1 mann) til presteteneste og vigsla 1 kateket. (kvinne)

Biskopen er preses for Bispemøtet og ser at arbeidspresset i denne funksjonen gjer det krevjande å vere til stades i bispedømet i det omfang biskopen ynskjer. Vi ser fram til at det blir oppretta eit 12. bispedøme for å ivareta presesfunksjonen. Dette er både ynskjeleg og naudsynt

Hausten 2009 var biskop og stiftsdirektør på vitjing til Den evangelisk lutherske kyrkja i Kamerun (EELC). Bispedømet har sidan 2003 hatt ei

vennskapsavtale med Syd-vest regionen i EELC. Vi var no inviterte til å delta på vigslinga av den nasjonale biskopen og ville samstundes revitalisere vennskapssamarbeidet. Turen viste at vi i Den norske kyrkja har mykje å lære av kyrkja i Kamerun, ikkje minst når det gjeld kyrkjelydsplanting og trusengasjement. Gjennom denne vennskapsavtala ynskjer vi å formidle tru og liv til kvarandre, og på den måten inspirere til å fullføre Kristi oppdrag. Vårt håp er gjennom avtalen :

- å vise at vi ikkje berre tilhøyrer den lokale kyrkja, men også den verdsvide kyrkja
- å auke forståinga for kyrkja sitt misjonsoppdrag.
- å formidle gjensidig andelege impulsar og erfaringar som kan styrkje, utvikle og fornye kyrkja si tru og teneste.
- å bidra til auka gjensidig forståing og kjærleik, og til forbønn og gjevarteneste.



Frå visitas i Songdalen (Foto: ATB/A.Nilsen)

1.2 Utviklinga i kyrkjestatistikken.


I tabellen nedanfor er tatt inn kyrkjestatistikken for dei siste åra.

| Årsstatistikk | 2005 | 2006 | 2007 | 2008 |
|---|--------|--------|--------|--------|
| Innmeldte | 233 | 156 | 162 | 141 |
| Utmeldte | 616 | 881 | 962 | 846 |
| Døpte | 3863 | 3909 | 4006 | 3899 |
| Vigslar | 1113 | 1051 | 1116 | 1195 |
| Gravferd | 3802 | 3816 | 3879 | 3907 |
| Konfirmanter | 4058 | 4241 | 4232 | 3975 |
| Konfirmantar i prosent | 65,5 | 67,2 | 68,0 | 65,8 |
| Hovedgtj | 5912 | 5947 | 5878 | 5873 |
| Delt. hovedgtj | 632338 | 631703 | 616970 | 613984 |
| Gj.snitt gudstj.delt | 107,0 | 106,2 | 105,0 | 104,5 |
| Andre gtj | 1519 | 1566 | 1496 | 1445 |
| Delt. andre gtj. | 128977 | 144664 | 142953 | 124332 |
| Gj.snitt delt a. gtj | 85 | 92 | 96 | 86 |
| Hovedgtj. m. nattv | 2837 | 2846 | 2866 | 2890 |
| Nattvgj | 145900 | 143192 | 151250 | 144011 |
| Nattverdgtj. gj. snitt pr guds-teneste med nattverd | 51,4 | 50,3 | 52,8 | 49,8 |

Hovudtrenden er små endringar frå år til år men tala visar ein svak tilbakegang over tid. Det er urovekkjande at talet på døypte, på konfirmanter og på gudstenestebesøk stadig går nedover. Dette skjer trass for satsing på trusopplæring og på gudstenesteutvikling. Det skal likevel være med i vurderinga at det er store skilnader i utviklinga mellom dei

ulike sokna. Med nokre unntak er tilbakegangen generelt størst i dei mest urbane stroka, men her er det også dei største svingingane. Det er foreløpig for tidleg å seie noko på generell basis som følgje av den nye satsinga på gudsteneste og på trusopplæring.

Deltakere gudstjenester



Diagrammet over gudstenestedeltaking viser ein jamn nedgang. Endringa i 2005 har samanheng med endra definisjon på type gudsteneste frå forordna gudstjenester til

hovudgudsteneste. Den reelle utviklinga er altså ei jamn nedgang i heile perioden. Samstundes er det samla gudstenestebesøket pr medlem høgare i vårt bispedøme enn i

landet elles. 2,12 i Agder og Telemark mot 1,66 på landsbasis.

Konklusjonen ein kan trekke er at gudstenestedeltakinga i Agder og Telemark har større relativ reduksjon enn landet elles og at gjennomsnittleg gudstenestedeltaking nærmar seg landsgjennomsnittet. Å snu denne trenden vil vere ei viktig oppgåve i tida som kjem.

1.3 Strategiar og utfordringar

Bispedømerådet har vedteke ein strategi med desse hovudpunkta:

"VISJON - Nær troens kilder – nær dagens mennesker.

KJERNEVERDIER:

"NÆRVÆR: Være til stede der folk er – geografisk, kulturelt, behovsmessig.

SAMSPILL: Være sammen om å løse oppdraget. Ingen skal stå alene. Vi vil stille opp for hverandre.

TROVERDIGHET: Være troverdige i vår nestekjærlighet og vårt gudsforhold.

FORVALTNING: Ta på alvor vårt forvalteransvar av alle de gaver vi er gitt.



SATSINGSOMRÅDER

I perioden 2007 til 2010 skal hovedfokus i arbeidet vårt være: medarbeiderskap, trosopplæring og gudstjenesteutvikling."

Frå 2010 er det valt nytt bispedømeråd. Det nye bispedømerådet må handsame strategien og dei satsingsområda ein skal ha dei to neste åra. Dette må skje med utgangspunkt i dei overordna måla for Den norske kyrkja som er vedteke av Kyrkjemøtet, og dei mål og reformtiltak som sentrale

styresmakter har fastsett.

Bispedømet sitt satsingsområde i 2009 har vore gudstenesteutvikling. Sokneprest Tom Martin Berntsen i Hommedal prestegjeld er frikjøpt i 50% stilling i tre år som prosjektleiar for høyringsperioden og innføring av gudstenestereforma. Vi vonar dette kan bidra til ei god utvikling for gudstenestelivet i bispedømet. Dette er nærare omtala i kapitel 2.3 Gudstenesteliv.



Kyrkjeleg sektor

2009 var eit år prega av reformer. Samstundes har kyrkjelydane drive sitt breie arbeid til beste for kvar einskilt og for lokalsamfunna. Slik tar kyrkja ansvar både for dei måla tildelingsbrevet frå departementet set, og for ansvarsområda kyrkjelova og tenesteordning for biskop gjev biskop og bispedømeråd.

2.1 Kyrkjeleg demokrati

For å oppnå dei måla som var gjeve i resultatmål 2.1, har vi i Agder og Telemark bispedøme gjort fylgjande i 2009:

2.1.1 Førre valet

Med utgangspunkt i løyvingar til demokratireforma tilsette bispedømerådet ein prosjektmedarbeidar i 50% stilling for 3 år. Tom Martin Berntsen, som fekk denne stillinga, har som hovudoppgåve å førebu, gjennomføre og evaluere valet samt stå for opplæringa av nye sokneråd.

Kyrkjemøtet hadde vedteke at bispedømerådet i Agder og Telemark skal ha 10 medlemmer. Bispedømerådet vedtok ei kombinert valordning. 3 leke medlemmer skulle veljast i den direkte valomgangen og dei 4 andre av sokneråda ved indirekte val.

I februar 2009 vart det halde prostivise kurs for valmedarbeidarar i sokna. 98 % av sokneråda var representert. Nominasjonsarbeidet til nytt bispedømeråd gjekk føre på våren 2009. Sokneråda sendte inn 45 forslag, men det var få kvinner og unge kandidatar. Det måtte gjeraste mykje arbeid for å oppfylla ungdomskvoten. I den supplerande nominasjonen kom det inn fire nye forslag slik at lista over leke kandidatar inneheldt 25 namn. Ein plakat over kandidatane til bispedømerådsvalet som vart sendt til alle sokna. Av andre informasjonstiltak kan nemnast: Pressemeldingar, og annonsering for kr. 90.000 i 7 av bispedømetets aviser. Bispedømetets valråd gjevar

hadde døgnopen telefonvakt, og fekk til 30 telefonar utanom kontortid.

På bispedømet si heimeside var det mogleg å stille spørsmål til kandidatane. Vi mottok ca 40 spørsmål som kandidatane stod frie til å svara på. Nokre var aktive, andre valde å ikkje svara.

2.1.2 Gjennomføring av valet.

Valet fann stad på 343 røystestader. I den direkte valomgangen 14. september hadde bispedømerådsvalet 28422 røyster. 1419 eller ca 5 % blei forkasta. Det var ca 10,6% valdeltaking ved det direkte valet. I den indirekte valomgangen 1. desember, hadde bispedømerådsvalet 740 røyster frå 118 av 141 sokn. Leke kyrkjeleg tilsette fekk 228 og prestane 83 røyster. Den låge oppslutnaden frå sokneråd heng mellom anna saman med at fleire sokn har forsøk med felles sokneråd for to eller fleire sokn.

2.1.3 Valresultatet for bispedømerådsvalet.

I tillegg til biskopen er det to representantar som held fram frå førre periode. Det er leiar Jan Olav Olsen og Stein

Reinertsen, som er geistleg representant. Dei sju nye som blei valt inn er: Solveig Abelone Midtgarden, (nestleiar), Øivind Benestad, Kjetil Drangsholt, Karen Junker, Ingebjørg Nordbø, Ivar Vegge og Geir Ivar Bjerkestrand (lek kyrkjeleg tilsett.)

Både Telemark og begge Agder-fylka er representert i rådet. Dermed er det god spreing både i geografi og i alder. Valresultatet vart kunngjort på heimesida og ved pressemeldingar.

2.1.4 Etter valet

Auka demokrati handlar ikkje berre om å auke talet på stemmer, tilgjenge og liknande. Dei nye rådsmedlemmane treng informasjon. Agder og Telemark valde denne gongen å gje dei nyvalde sokneråda to kurs. Det første blei halde hausten 2009. Prost og kyrkjevevjerje ved prostekontoret fekk ansvar for kurset. Dei fekk tilbod om hjelp frå bispekontoret. Nokre valde å gjennomføre alt aleine, andre let bispekontoret ta heile kurset, og i dei fleste tilfelle var det eit samarbeid. Målet var ei praktisk innføring i arbeidet for sokneråd og fellesråd med utgangspunkt i Handboka for sokneråd og fellesråd.



Det nye bispedøme-rådet. (Foto: ATB/G.Myre)

Tidlegare evalueringar av slike kurs seier: "For mykje informasjon." Del 2 konsentrerer seg og om det å bygge kyrkjelydar. Med blick på KL § 9 om soknerådet sine oppgåve om å ha si merksemd retta mot alt som kan gjerast for å vekkje og styrkje det kristelege livet i soknet, samt alle planar og reformer som skjer, er dei nye sokneråda inviterte til kurs 2 vinteren 2010.

I 2009 har kyrkjelivsavdelinga arbeid fram kurs 2. Målet er å lage planar for kyrkjelydane som inneheld både trusopplæring, diakoni, integrering, kultur, gudstenesteliv og så bortetter. Vi kjem attende til kurset i neste årsmelding.

2.1.5 Erfaringar og framtidige utfordringar

Kyrkjevalet 2009 var eit viktig steg i retning av å styrkje "den demokratiske legitimitet og forankring blant kyrkje-medlemmene". Talet på røystestader vart auka radikalt og undersøkingar har vist at over 90% av folket var klar over at det var kyrkeval saman med det politiske valet. Valprosenten til soknerådsvalet gjekk kraftig opp de fleste stadane.

Den supplerande nominasjonen til bispedømerådsvalet var vellukka. Det var eit omfattande engasjement bak forslaget til fire nye kandidatar. Ein av dei kom inn i bispedømerådet.

Med bakgrunn i dei knappe midlane og den korte tida har den kyrkelege dugnadsanden gjort det mogleg å gjennomføre denne store reforma. Både arbeidet i sokneråda med å finne kandidatar og den arbeidskrevjande prosessen med oppteljing låg langt ut over det som vart løna med pengar. Det er blitt eit langt sterkare fokus på bispedømerådet som kyrkjestyre.

I etterkant av valet har enkelte politikere uttrykt misnøye med valprosenten. Frå kyrkeleg hald var målsettinga at valprosenten skulle gå opp, men ein må ha eit realistisk forhold til desse forventningane. Valet 2009 var eit viktig skritt i riktig retning. Det som likevel er heilt klart er at kyrkjevalet 2011

er avhenging av økonomiske midlar i enda større grad enn ved siste val.

Det synte seg vanskeleg å tilfredstille veljaranes behov for informasjon om kandidatane. Her er eit stort arbeid å gjera fram mot neste val. Kyrkja har ei utfordring i å nå ungdomen i nominasjonsarbeidet og ved sjølve valet.

Den informasjon som vart sendt ut i valkorta må forenklast, men ordninga med valkort gjev valet større grad av seriositet og bringer det ut til større grupper i folket. På bakgrunn av erfaringane ved valet er det klare behov for å endre fleire valreglar: Det gjeld tekniske forhold ved kumulering, forenkling av preferansevalet og vurdering av om to forskjellige valmåtar er tenleg. Vidare har utforminga av stemmesetelen samt felles val med ulike valordningar vore problematisk.

Kyrkjevalet 2009 var vellukka som



Frå kurs for barneleiarar. (Foto: ATB / S.A.Egeland)

eit fyrste skritt for å styrkje den demokratiske legitimiteten, men like viktig er å få fokus på den kyrkelege legitimiteten i den demokratiske prosessen. For Agder og Telemark er det avgjerande viktig å rusta dei nye råda med inspirasjon og verktøy til det strategiske arbeidet råda etter kyrkjeordninga er satt til å gjera: "ha sitt blick henvendt på det som kan styrke det åndelige liv."

2.2 Trusopplæring

I samband med løyvingane til bispedømeråda for arbeidet med gjennomføringsfasen av trusopplæringsreforma vedtok bispedømerådet å engasjere trusopplæringskoordinator i eit år i 50 % stilling i påvente av utviding av stillinga. Gunhild Vie vart tilsett.

I Agder og Telemark bispedøme har 24 kyrkjelydar vore med i forsøks- og utviklingsfasen. Lista kyrkjelyd vart nominert til trusopplæringsprisen 2009 og det er arrangert ei samling for alle prosjektleiarane.

Mandal sokn har hatt eit fullskala (0-18 år) prosjekt i fem år. Dei har gjort ei undersøking som synar at talet på deltakarar har økt frå år til år. Like eins har dei i Bø opplevd større oppslutnad om barne- og ungdomsarrangement. Det mest interessante her er at begge desse kyrkjelydane har hatt

fullskalaprojekt.

Aust – Nedenes prosti fekk midlar i 2008. Vi har røynt at i eit prosti med mange små sokn og som dessutan ikkje har hatt prøveprosjekt og ikkje har kateketar eller diakonar, blir prostien ein viktig ressurs. Det tok eit år før det var tilsett personar i alle dei nyoppretta stillingane knytt til trusopplæringa. Gjennom året er det danna eit nettverk for dei nyttilsette i prostiet. Trusopplæraren i Gjerstad koordinerar nettverket, og saman har

kyrkjelydane utarbeidd fellestiltak for dei mellom 15 – 18 år.

I 2009 fekk Mandal prosti trusopp- læringsmidlar. Prostiet hadde to prø- veprojekt. Begge prosjekta hadde tildelingar i prosjektfasen som var høgare enn kva dei fekk i driftsfasen. Det er ei utfordring for sokna. Det er ikkje tradisjon for samhandling mel- lom fellesråda i eit prosti. Tilsette ved bispedømekontoret har valt å gå den vegen saman med sokneråd, tilsette og frivillige for å finne tenlege områ- der som kan samarbeide innan dei økonomiske rammene sokneråda får. I tida frå eit sokn får midlar og fram til det er tilsett medarbeidarar på trus- opplæring, fell det mykje ekstraarbeid på andre tilsette.

Dei kyrkjelydane som har fått mid-



lar til trusoppplæring er i gang med planlegging. Vi merker no ei stigande forventning til reforma. Det kan være vanskeleg å halde motivasjonen oppe dersom ventetida på midlar blir lang. Dei kyrkjelydane som enno ventar, er difor oppfordra til å førebu seg på trusoppplæringsreforma med å lage sin lokale plan for trusoppplæring. Undervisningsrådgjevar ved bispe- kontoret har utvikla og tilbyd eit grunnkurs i trusoppplæring for kyrkje- lydar som ynskjer å starte prosessen. Trusoppplæring er også ein viktig del av kurs 2 for nye sokneråd.

Undervisningsrådgjevar og trusopp- læringskoordinator har utarbeidd ein plan for arbeidet som er godkjent

av bispedømerådet. Administrativt vel vi ei teamløysning. Trusopp- læringskoordinator og undervisnings- rådgjevar, ungdoms- og misjonskonsu- lent og tilsette på økonomiavdelinga er alle involverte. Vidare er integre- ringskonsulenten med når nye prosti blir tildelt trusoppplæringsmidlar.

Vi er godt rusta til å gå vidare, og gler oss til at nye kyrkjelydar kan ta tak i det krevjande og løfterike arbeidet som skjer lokalt, og som stadig vert knytt nærare bispedømekontoret. Bispedømerådet har streka under at det er naudsynt med ei raskare opp- trapping i løyvingane slik at innfø- ringstida kan kortast ned. For øvrig må løyvingane indeksregulerast.

2.3 Gudstenesteliv

Når det gjeld gudstenestereforma har 2009 vore eit venteår for mange kyr- kjelydar. Men forventningane som for- nyingsarbeidet har skapt, lever vidare.

Aust-Telemark og Vest-Nedenes prosti var høringsprosti. Dei gav ein uttale etter å ha prøvd dei nye liturgiane i om lag eit år. Nokre få andre kyrkjelydar hadde bede om å vere høringsinstans for delar av liturgien, til dømes for bolken for dåp, nattverd eller forbøn.

Bispedømerådet har gjeve si uttale. Deira forslag om å vente med salme- bok, fekk stor merksemd og vann til sist fram sentralt. Bispedømerådet sitt forslag var grunna i at omfanget av reforma var så stor at ein såg at det var stor risiko for kvaliteten på resultatet.

Fram mot bispedømerådet si høyr- ing, var prestane på dagseminar om gudstenesteordning og liturgi rundt om i bispedømet. I tillegg var dei nye liturgiane tema på ungdomsting, i kyrkjeakademi, hos pensjonerte pre- star og på stiftsdagane for kyrkjelege tilsette. Rådgjevar for liturgi hadde som oppgåve å samle innspel frå alle desse, som grunnlag for bispedøme- rådet si høyring.

Ved innføring av ny liturgi ligg det eit behov for kompetanseheving for dei som får særskilt ansvar lokalt. I samarbeid med Det teologiske Menighetsfakultet har vi satt i gang

eit kurs for ein prest og ein kyrkje- musikar for kvart prosti. Kurset er lagt innafør innan ramma av prestane si etterutdanning REU. Med velvilje frå kyrkjevevjer, og ved at bispedømerå- det har brukt av innsamla midlar, har kyrkemusikarane fått same sjanse. Kurset fullførast i 2010. Då får bispe- dømet medarbeidarar i kvart prosti til hjelp med implementering av den nye gudstenesteordninga i 2011.

Bispedømet har ein jamn nedgang i gudstenestedeltaking. Vi trur at ved å gje innhald til omgrep som "fleks- ibilitet, valfridom, involvering og lokal forankring" saman med kontinuitet, har vi eit stort potensiale til å tilpasse gudstenesta til ei ny tid. Samstundes merkar vi i høyringane at valfridomen ikkje må bli slik at gudstenesta blir ukjenneleg frå stad til stad, eller at liturgien ikkje held teologiske mål. Det er og viktig å vere klar over for- skjellen kyrkjelydane i mellom når det gjeld ressursar, aktivitetar, storleik og gudstenestefrekvens.

Den viktigaste parameteren på om gudstenestereforma har vore vellukka, vil være framtidig oppslutning om gudstenesta. Det er ennå for tidleg å måle dette. Nok ressursar til pres- teteneste og kyrkjemusikk slik at kyrkjelege tilsette har kapasitet til å implementere gudstenestereforma saman med frivillige medarbeidarar i sokna, vil og vere naudsynt for ei vellukka omlegging.

2.4 Organisasjonsutvikling – lo- kalt forsøks og utviklingsarbeid

Utanom samarbeid mellom sokneråd som ledd i prosessen på å slå saman sokn, er det ikkje mange døme på samhandlingsprosjekt mellom sok- neråd eller fellesråd med løyvingar frå FOU-midlar frå KA eller Kyrkjerådet. No ser vi at trusoppplæringsreforma vil krevje at fellesråd går saman for i det heile tatt å få ein viss storleik på stillingane som trusoppplærarar.

Et særtrekk ved Agder og Telemark bispedøme er at det er mange små sokn. I samband med ei utgreiing av soknstrukturen straks etter tusenårs- skifte vedtok bispedømerådet at ein



Dei to forfatarane på boklanseringa. (Foto: IKO)

2.6.1 Diakoni

Den nye diakoniplanen engasjerer. Nye kyrkjelydar koplar sitt diakonale arbeid opp mot den nye planen, og diakonen får nytt fokus i kyrkjelydane. I 2009 er det gjort ei undersøking som viser at mange diakoniarbeidarar i Agder og Telemark er tilsett i små stillingsbrøker. Mange stillingar er finansiert av innsamla midlar og private gåver. Dette gjer stillingane sårbare. Det er få søkjarar og svært få fagleg fullt kvalifiserte søkjarar til desse stillingane. Det er ikkje oppretta nye diakonistillingar i 2009. Kyrkjelydane har ikkje kapasitet til alt det gode dei vil.

To diakonar, Eiliv Erikstein og Ivar Solbu har i 2009 gjeve ut ei bok om diakoni med tittelen "Med andre ord". Denne har blitt godt motteke.

Diakonirådsgjevaren har brukt mykje tid i høve til dei 5 familievernkontora bispedømerådet er engasjert i. Desse er organisert som stiftingar, og Kirkens Familierådgivning har ynskje om ei omorganisering med sikte på ei tettare samhandling mellom kontora. Dette er ein vanskeleg prosess som krev mykje energi frå tilsette og styrer. Bispedømerådet er også engasjert i samlivsprosjektet Level Vest-Agder. Ved ekstra midlar frå bispedømeråd og Fylkesmannen i Vest-Agder blei det i 2009 vedtatt å utvide Level mot Aust-Agder og Telemark.

2.6.2 Integrering / Tilrettelagde tiltak for menneske med utviklingshemning.

Vi har 15 tiltak med samlingar året gjennom. Tiltaka skal fremje samarbeid over grenser mellom kyrkjelydar og kommunar, samt arbeid for inkluderande fellesskap. Forsøket med konfirmantar som har som tenestepoppgåve å delta på tilrettelagte tiltak i Grenland, vart avsluta med delt resultat. For at dette skal fungere, krev det tettare oppfølging av konfirmantane.

I samband med "Tilhørighet og deltaking" som blei lansert på hausten, og ut frå rundskriv 1-6/2009 frå Helse og omsorgsdepartementet, har

likevel ikkje vil tvinge fram endringar i den kyrkjelege inndelinga med mindre det var lokal vilje til samanslåing. Det har etter kvart vist seg at små sokn har problem med å finne kandidatar til soknerådsval. Somme stader har ein difor hatt forsøk med felles sokneråd for to sokn, og nokre av desse har blitt slått saman frå 01.01.2010. Dette gjeld Farsund og Spind, Froland og Mykland, Mandal og Harkmark og Sauherad og Nes. Mellom anna Hovind sokn og Austbygdi sokn, samt Atrå sokn og Mel sokn i Tinn kommune held fram med prøveordning med felles sokneråd. Andre stader har ein gått andre vegen. Etter mange års førebuing ble Helle sokn i Kragerø/Sannidal skilt ut som eige sokn frå årsskiftet.

Omgrepet vertsfellesråd er tatt opp på kontaktmøte mellom kyrkjeverjelaget og bispedømekontoret. Vi trur at dette blir meir og meir aktuelt, men at vi må bruke tid slik at det kan modnast. I eit bispedøme med mange små sokn, er det ei redsle for at soknerådet, som siste offentlige instans, og skal forsvinne.

Samstundes har vi gode røymsler med samhandling ved våre to prostidiaconar. Det er ein stillingsmodell som kanskje egner seg godt også for andre stillingskategoriar.

Det verkar som om prostiet kan få ein renessanse i høve til tilsette av fellesråda. Fleire snakkar om eit slags prostiråd og om alt samarbeid på det frivillige planet. Både i Aust-Telemark

prosti og i Vest-Nedenes prosti planlegg ein no nye samarbeidsprosjekt.

2.5 Brukarundersøkingar

Arendal kyrkjelege fellesråd fekk i 2004 biskopens godkjenning for felles kyrkjebokføring og ei samordning av kontortenesta. Fellesrådet gjorde i 2009 ei brukarundersøking om tilgjenge, oppfølging, sentralisering av kyrkjebokføring og kontor for kyrkjelydane. Undersøkinga blei gjort blant brukarar og tilsette. Resultatet viste at brukarane var godt nøgde med nyordninga, medan grupper av dei tilsette var noko meir negative.

Det er fyste gongen eit fellesråd har gjort ei så brei undersøking. Den gav svar på kva som fungerer og utfordringar som råd og tilsette kan arbeide vidare med. Vi ser at dette er ein tenleg reiskap. Prostane er oppfordra til å nytte seg av brukarundersøking som reiskap i deira arbeid for å innhente informasjon.

2.6 Andre områder

I høve til i ansvarsområda i kyrkjelova og tenesteordning for biskop, skjer det eit kontinuerlig arbeid i kyrkjelydane. Frå 2009 vil vi nemne særskilt:

integreringskonsulentent utarbeidd materiale for andaktar til bruk heime. Ut frå oppdraget med å "Målbære menneskeverdet" har kyrkja vore involvert i produksjonen av CD-en "Livet er nå" med Hanne Mathiassen frå Telemark. Det blei laga tre TV program som er vist på NRK. Ho vart kåra til årets telemarking.



Hanne Mathiassen

2.6.3 Ungdomsarbeid

På grunn av permisjon har bispedømet i deler av 2009 hatt ungdomskonsulent i 50% og til tider 70% stilling. Ungdomsrådet har gjennomført ungdomsting, lagt til rette for ungdomen si deltaking i visitasar, og avvikla bibeldag for ungdom.

Dagleg drift for trusopplæringsprosjektet Roadservice er i løpet av året overført til Skjærgårdsgospel i Kragerø. Desse utfører oppgåvene på vegne av bispedømerådet som framleis står som oppdragsgjevar og har ansvaret for det faglege innhaldet og finansieringa.

Ungdomskonsulentent er medlem den nasjonale gruppa som skal evaluere godkjenning for personar utan cand. theol- grad til presteteneste.

2.6.4 SMM

Samarbeid kyrkjelyd og misjon vinn sin plass. Fire nye sokn har undertekna misjonsavtaler. Det betyr at 86 % av sokna i bispedømet har misjonsavtale. Vi har og laga ein oversikt over kva misjonsorganisasjonane lokalt og sentralt kan tilby kyrkjelydane når det gjeld trusopplæring.

Det har ikkje kome nye initiativ i forhold

til religionsdialog. Arbeidet i Forum for tros- og livssyn i Kristiansand, lider diverre av vakanse i domproststillinga etter at Audun Myhre slutta. I Kristiansand er det i samarbeid med Det Norske Misjonsselskap oppretta ein internasjonal kyrkjelyd og bispedømerådet har arbeidsgjevaransvaret for prestestillinga til denne kyrkjelyden.

Agder og Telemark var i 2009 vertskap for Vennskapskonferansen som blei arrangert saman med Dnk nord/sør informasjon, Mellomkyrkjeleg råd, Noregs kristne råd, Samarbeidsråd for menighet og misjon og Kirkens Nødhjelp.

Ei utfordring i tida framover vil vere om alle misjonsorganisasjonane vil halde fram med samarbeidet i SMM. Kyrkjerådet og SMM sentralt har varsla ei utgreiing om dette i 2010.

2.6.5 Kultursatsing i kyrkja.

Som eit av seks bispedøme fekk Agder og Telemark i august 2009 kulturkonsulent. Forutan å inspirere til auka samspel mellom det breie kulturlivet og kyrkja sine mange kulturelle aktivitetar, byggje kyrkeleg kulturkompetanse og arbeide med finansieringsmåtar for kultur, skal Agder og Telemark rapportere til det nasjonale nettverk på ungdomskultur og integrering, integrering av menneske med spesielle behov og integrering av nye nordmenn.

Dette er ei ny stilling i kyrkjeleg samanheng. Mykje tid har gått med til planlegging og informasjon ut til kommunar, sokneråd, kulturinstitusjonar, og tilsette i kyrkjer og kulturliv.

Agder og Telemark bispedøme har gjennom sin kulturkonsulent opplevd at mange kommunar, mange kommunale kulturarbeidarar og mange kulturinstitusjonar har tatt kontakt for vidare samarbeid. Det lover godt. Ekstra inspirerende er det at Stiftinga Nasjonalt Landstadsentere med forankring i Bø etter søknad har fått 200 000 kr frå Norsk Kulturråd.



Frå den kulturelle skolesekken i Skien kyrkje (Foto: Tormod Klovning)

Prestetenesta

3.1 Lokalt tilpassa presteteneste

Prestedekninga har vore god og stabil i 2009. Tolv prestar er tilsett i faste stillingar.

Av desse var seks kvinner. To stillingar har vore kunngjord fleire gonger, ei heile tre gonger. Elles har ikkje Agder og Telemark bispedøme vorte ramma av mangel på søkjarar, men det er tydeleg at talet på søkjarar har gått kraftig ned. Arbeidet med rekruttering til kyrkjelege stillingar vil være ei utfordring som må prioriterast høgt i tida som kjem.

Trass i ny tenesteordning og eit meir fleksibelt presteskap har det vore naudsynt å hyre inn mange vikarar for å dekke opp vakansar på grunn av sjukdom og anna.

I alt har fjorten vikarar gjort teneste av ulike slag i 2009. I tillegg til desse har to seniorprestar og tre prostiprestar vore i arbeid. Noko vikarbehov har vore dekt opp med konfirmantlærarar frå det aktuelle nærmiljøet. Prostane melder at det berre unntaksvis har vore messefall fordi ein ikkje har klart å skaffe vikar. Likevel blir det meir vanleg med fellesgudstenester for fleire sokn for å løyse ferieavvikling om sommaren.

Prestetenesta syner stor stabilitet med bra lokal tilpassing. Alle kyrkjelydsprestane i bispedømet har arbeidsavtale etter ny tenesteordning med heile prostiet som tenestedistrikt. I fleire prosti er det oppretta stillingar som prostiprest. Nokre av desse er kombinert med teneste som ungdomsprest der kyrkjelyd eller fellesråd har arbeidsgjevaransvar. Eit prosti, Aust-Telemark, har det siste året opplevd

stor utskifting i presteskapet, noko som har ført til at prosten har teke initiativ til å utarbeide eit innføringsprogram for nye prestar. Dette vert no vidareutvikla til ei ordinær rutine for heile bispedømet.

3.2 Kompetanseutvikling

Agder og Telemark bispedømeråd innførte i 2009 ein ny kompetanseplan for prestane. I botnen av denne planen ligg det at prestar har både rett og plikt til å vedlikehalde sin kompetanse. (jf. TFM § 2).

Det er vedteke at kvar einskild prest har rett og plikt til å sette av 11 dagar kvart år til å halde basiskompetansen ved like. I desse dagane inngår felles studieopplegg i prostiet og stiftsdagar. Likeeins skal i tillegg alle prestar få rett til å setje av 22 dagar i året til fordjuping. Etter avtale med prost kan ein del av desse dagane overførast til seinere år.

Ein viktig endring frå tidlegare, er at prostiet vert gjort til hovudarena for vedlikehald av basiskompetansen med prosten som ein naturleg leiar av dette. Også fordelinga av studiedagar og midlar er flytta frå REU til prostia, der eit kontaktmøte mellom prost og tillitsvalt avgjer dette. REU si rolle er no i fyrste rekke å leggje føringar for innhaldet i bispedømet basiskompetanse, samt å gje godkjenning til individuelle spesialiseringsprosjekt som ikkje er ein del av eit sentralt godkjent etterutdanningsprogram.

Kvar einskild prest har ansvar for at hovuddelen av studiedagane vert lagde slik i arbeidsplanen at det ikkje er naudsynt med vikar. Når det likevel,

grunna kurs eller lengre samanhengande opplegg, likevel må skaffast vikar, skal dette normalt skje i ramma av dei nye tenesteordningane utan bruk av vikarmidlar.

Sjølv om det vil ta noko tid før ein ser resultat av den nye kompetanseplanen, har vi allereie opplevd eit større engasjement for å utvikle planar på prostnivå. Utgiftar til vikar er og dramatisk redusert og midlane vert betre utnytta slik at fleire prestar kan få del i etterutdanningsmidlar.

I 2009 hadde 124 prestar studiepermisjon med løn til kortare eller lengre studiebolkar.

3.3 Likestilling.

Likestillingsarbeidet held fram i bispedømet. I prostia er fleire kvinner blitt tilsett, og fleire kvinner saman i arbeidsfellesskapet verkar positivt.

Det viktigaste arbeidet for å fremje likestilling vart gjort i samband med tilsettingane i bispedømerådet. Rådet held ein høg profil for å tilsette flest mogleg kvinner i prestestillingar.

Totalt er nå 17,8 % av tilsette prestar kvinner. Det er framleis eit lågt tall, men utviklinga går rett veg. I 2009 vart seks kvinner og seks menn tilsett i prestestillingar i Agder og Telemark bispedøme.

I år 2000 var det berre 2,5% av prestane som var kvinner. I 2007 var prosenten komen opp i 13,2%.


Skilnaden i løn mellom kvinner og menn heng saman med at det er mange unge kvinner medan mennene har høg snittalder.

Fordeling mellom menn og kvinner i prestestillingar

| | Totalt | | Leiartillingar | | Andre stillingar | |
|-----------------------------------|---------|------|----------------|------|------------------|------|
| | Kvinner | Menn | Kvinner | Menn | Kvinner | Menn |
| Kjønnsfordeling-alle ansatte i % | 17,8 | 82,2 | 27,3 | 72,7 | 16,9 | 83,1 |
| Kjønnsfordeling-heltidsansatte i% | 17,2 | 82,8 | 27,3 | 72,7 | 16,2 | 83,8 |
| Kjønnsfordeling-deltidsansatte i% | 31 | 69 | - | - | 31 | 69 |
| Gjennomsnittslønn (i 1000 kr) 1) | 449 | 454 | 562 | 563 | 432 | 446 |

1.) rekna med utgangspunkt i faktisk utbetalt lønn

Kvinnelege prestar.



Diagrammet over syner utviklinga i talet på kvinnelege prestar i bispedømet. Etter tilsjetting i 2009 har vi også 3 kvinlege prostar.


Prosenten vart påverka av nokre sjukemeldingar som går over lang tid. Diagrammet nedanfor syner at sjukefråværet dei siste åra har vært stabilt på mellom 4 og 5 %.

3.4 Arbeidsvilkår.

Sjukefråværet i 2009 i var på 4,90 prosent. I 2008 var fråværet i prosent på 4,02.

Det reelle sjukefråværet ligg nok noko høgare. Det er grunn til å tro at det er ei underrapportering på korttidsfråvær / eigenmeldingar.

Sjukefråvær



Ei gruppe satt saman av representantar frå bispedømeadministrasjonen og Agder og Telemark kirkevergelag har og i 2009 gjort eit godt arbeid. Fokus har særleg vore å få på plass prosedyrar for varsling av kritikkverdige forhold på arbeidsstaden, ei betring av melding av avvik og å utarbeide lokale prosedyrar for handsaming av seksuelle overgrep.

I 2009 vart funna frå KIFO-rapporten "Presters arbeidsmiljø og arbeidstid" gjort kjende.

Rapporten syner nokre viktige områder som må takast fatt i. På bakgrunn av rapporten har bispedømeadministrasjonen sett ned arbeidsgrupper for å tatt fatt i følgjande områder:

a) Ei betre innføring i tenesta for nyttilsette i bispedømet. Eit nytt program for innføring i tenesta er laga. Programmet omfattar soknet, prosten og bispedømenivå.

b) Ei betre tilpassa teneste for prestar i ulike aldrar. Ei gruppe samansett av representant frå bispedømeadministrasjonen, ein prost, prestar og presteektefellar har som mandat å arbeide fram retningslinjer for ein betre "juniorpolitikk" eller livsfasepolitikk.

c) Prestane saknar ei større bruk av studiekompetanse dei har tilegna seg.

Bispedømeadministrasjonen satsar difor på å nytta prestanes kompetanse i samband med kurs, stiftsdagar og andre aktuelle samlingar. Prestane er oppmoda om å nytta kompetansekartet.

3.4.1 Arbeidsvegleiing. (ABV)

ABV-arbeidet er prioritert som ein viktig reiskap for å vidareutvikle seg som prest.

Alle prestar i bispedømet har tilbod om å delta i arbeidsretteleiing. I 2009 vart ABV-arbeidet lagt om. Tidligare gjekk deltakarane i ABV-grupper som vart avslutta etter to år. No har bispedømet gått over til såkalla "kontinuerlege grupper." Deltakarane er med i eit år og kan deretter velja om de vil halda fram i gruppa eller slutte. På den



Våre nye prostar Hilde Sirnes og Bernt Olav Jensen (Foto: ATB/G. Myre)

måten blir det ledige plassar i gruppene kvart år. ABV vert med dette til et opplegg som heile tida er aktivt. I 2009 vart fleire nye grupper oppretta. Totalt er det no 16 ABV-grupper i gang i bispedømet. 62 prestar var med i ABV-grupper i 2009. Av desse var 16 kvinner. Det er eige opplegg med arbeidsvegleiing for prostar.

3.5 Leiging av prestenesta.

KIFO-rapporten melder også om prestar som spør etter tydeleg leiging. Difor har det i 2009 vore ei sterkt satsing på utvikling av prestenesta. Som ei oppfyljing av departementets utviklingsprogram for prostar, har vi i tillegg til vanlege møter for prostane arrangert ei kurssamling på 4 dagar. Vi gjekk gjennom prostens oppgaver og blei samde om ein strategiplan for det vidare arbeidet. Det blei sett ned arbeidsgrupper med prostar og tilsette ved bispedømekontoret som skal levere innan fastsett dato på: Forordna gudsteneste, endringsleiing, personalleiing, studiearbeid, årshjul for prostar, introduksjonskurs for nye prestar og prostar, målstyring osb.

Vi ser og at sekretæren er viktig for prosten. I 2009 vart det halde kurs for både prost og sekretærar om offentleglova og arkivarbeid.


Vi ser at det framleis er naudsynt å arbeide med tilrettelegging av

ei god leiging av prestenesta. Bispedømeadministrasjonen har difor for 2010 planlagt å utarbeide eit "tildelingsbrev" til prostane der rammeverket og fullmaktene for prostane sine leiaroppgaver blir presiserte.

Når det gjeld samvirke med kyrkjeverja viser kontaktmøta at mange kyrkjeverjer har små stillingar i vårt bispedøme. Mange ser seg ikkje i stand til å møte opp på fellessamlingar som for eksempel "Saman om å leie 2" som KA og biskop arrangerte. Vi har valt å fortsette samarbeidet med årlege stiftssamlingar. Det eine året er både prestar og tilsete i fellesråd saman, det andre året har biskopen sine fagdagar for prestar og då er tilsette i fellesråda åleine.

Vi fekk i 2009 to nye prostar. Hilde Sirnes overtok som prost i Lister etter Svein Fink og Bernt Olav Jensen overtok i Otredal etter Ole Gunnar Sæbø Audun Myhre slutta som domprost hausten 2009 og stillinga er no lyst ut.

Forvaltning



4.1 Økonomiforvaltning

Rekneskapen for bispedømerådet er delt i tre ulike kapitler; 320 Kulturrådgevar, 340 Kyrkjeleg administrasjon og 341 Presteskapet. Diagrammet over syner resultatutviklinga for kapitla 340 og 341. Kapitel 320 Kulturrådgevar vart etablert sommaren 2009 og er difor ikkje tatt inn i den historiske oversikta. Kapitel 340 Kyrkjeleg administrasjon har heile perioden 2000 – 2009 hatt eit lite mindreforbruk i høve til tildelinga frå Kultur- og kyrkjedepartementet. For kapittel 341 Presteskapet syner oversikten at det i starten av perioden vart nytta meir enn den årlege tildelinga. Det vart satt inn tiltak i 2005 som gav innsparande effekt i påfølgjande år. Disse reservane er nytta til å oppretthalde aktivitetsnivået trass reduserte tildelingar dei siste åra.

Kapitel 320 Kulturrådgevar, syner eit netto forbruk på kr 387 424. Dette er eit mindreforbruk på kr 62 576 i høve til tildeling for året. Kapitlet vart etablert med oppstart sommaren 2009, og ein medarbeidar i 100% stilling vart ikkje tilsett før medio august. År 2010 vil difor verta første heile driftsåret for dette kapitlet.

Kapitel 340 Kyrkjeleg administrasjon, utanom tilskottspostar, syner eit netto forbruk på kr 10 702 160. Dette er eit mindreforbruk på kr 275 840 i høve til tildeling for året. Mindreforbruket kjem mellom anna av at ei stilling som økonomirådgevar stod vakant delar av året, samt at kostnader ved installasjon av ny telefonsentral vart lågare enn budsjettert.

Kapitel 341 Presteskapet, syner eit netto forbruk på kr 80 886 319. Dette er eit mindreforbruk på kr 224 681 i høve til tildelinga for året. Det må takast omsyn til at det vart overført eit overskott frå 2008 på kr 975 000. Denne reserven er ved utgangen av 2009 redusert til kr 224 681. Tar ein omsyn til ekstraløyvinga på kr 402.000 i desember, syner resultatet at forbruket gjennom året har vært ca kr 1 150 000 høgare enn den ordinære tildelinga for året skulle tilseie. Det er satt inn tiltak for å redusere forbruket slik at ein unngår underskott kommande budsjettperiode. Ein av årsakene til at ein, tross tilnærma same aktivitetsnivå som førre året, oppnådde eit mindreforbruk, er at det ikkje vart satt inn vikarar frå fyrste dag ved sjukdom, studiepermisjon og anna fråvær.

Samla tildeling for kapittel 341 Presteskapet kompenserte ikkje for auka kostnadsnivå utover reell lønssauke, noko som på sikt vil føre til at aktivitetsnivået jamt over må reduserast.

4.2 Tilskottsforvaltning

Det vart forvalta eigne tilskottsmidlar til kateketar, diakonar og kyrkjemusikk. Samla tilskott utgjorde kr 10 039 000 og desse midla vart uavkorta fordelt i høve til retningslinjer gjeven av kyrkjedepartementet.

Det vart forvalta eigne tilskottsmidlar til trusopplæring. Samla tilskott utgjorde kr 2 619 000 og desse midla vart uavkorta fordelt i høve til retningslinjer gjeven av kyrkjedepartementet. Det er førebels bare Aust-Nedenes og Mandal prostier som er tilgodesett med tilskott til trusopplæring.

Det vart forvalta eigne prosjektmidlar på samla kr 2 980 764. For desse prosjekta gjeld kravet at alle kostnader skal dekkast inn med tilsvarende inntekter. Dei prosjekta som inngår i denne posten er mellom anna Level (samlivsprosjekt), SMM (samarbeid om menighet og misjon), Ungdomsting/

ungdomsråd, Roadservice (landsdekkende team for konfirmantundervisning) og KonfCamp (leir for konfirmantgrupper). Inntekter til prosjekta kjem av eigenbetalingar, støtte frå samarbeidspartnarar og innsamla midlar frå kyrkjelydane til bispedømerådet.

4.3 Risikovurdering og anskaffingar

Det vart i 2008 innarbeidd ei systematisk metode/rutine for målstyring og risikostyring. Bispedømerådet vedtar årleg dei overordna mål som skal gjelde for verksemda, og stiftsdirektøren fastsett dei områder/mål som skal risikovurderast. Stiftsdirektøren nyttar leiargruppa i den praktiske gjennomføringa av risikovurderinga.

I 2009 har det vært gjort risikovurderingar mellom anna i høve til å rekruttere og behalde medarbeidarar dette omfatta både faste tilsetjingar og bruk av vikarar. Ved rekruttering til faste stillingar i utkantområde har det vore naudsynt å bruke løn som verkemiddel. For vikarar har ein mellom anna etablert ordningar med leigebil og betalte heimreiser i vikarperioden. .

I samband med overgang frå prosjekt til drift for vårt nasjonale trusopp-læringssteam, ungdomsprosjektet Roadservice, og i forbindelse med utarbeiding av fagleg styringsplan for kulturmidlar i 2009 – 2010 gjorde avdeling for kyrkjeliv ei risikoanalyse. Vi erfarer tryggleiken med å jobbe på denne måten. Samstundes har vi lært at ein vel utført styringsplan opnar for impulsive innsmett. Kulturrådgjevar har difor nådd langt både med tverrfagleg samarbeid med andre fagpersonar her på kontoret og med det ålmenne kulturlivet. Ho har også nådd måla når det gjeld å løyse ut midlar til kulturtiltak i arbeidet med trusopp-lærings såg vi at omlegginga frå prosjekt til drift med mindre midlar til prosjektkyrkjelydane ville bli utfordrande. Sjølv om vi var førebudd på dette skapte dette stor uro i prosjektkyrkjelydane og hos prosjektmedarbeidarane. Vår erfaring har gjort at vi ved tildeling seinare år vil ha separate opplegg over for dei tidlegare prosjekta, slik

at omlegginga for disse ikkje inngår i den nye tildelinga for driftsfasen.

I demokrati reforma viste vår risikoanalyse at knapp tid ville vere ei stor utfordring i forhold til informasjon og gjennomføring av valet. Det ble derfor lagt stor vekt på planlegging, informasjon og opplæring av dei som skulle gjennomføre valet.

Dette vart vellukka, men vi burde og hatt større fokus på informasjon til veljarane om kandidatane og om valreglane. I ettertid så vi at dei områda svikta noe og førte i nokon grad til mindre oppslutnad om valet.

På økonomiområdet vart risikovurdering innarbeida gjennom rutinar for detaljert budsjettering og rekneskapsrapportering. Månadleg rekneskapsrapport, avviksrapport og kommentarar vart lagt frem som sak til kvart møte i bispedømerådet. Resultatet av dette er ei styrt utvikling mot eit rekneskapsresultat i balanse.

4.4 Godkjenningssaker kyrkjebygg etc

I samband med forvaltning av kyrkjelov og gravferdslov, har vi gjort røynsle med at kommunane ved fleire høve ikkje har visst om eller glømd at kyrkja skal utale seg om reguleringsplanar og andre plandokument for områder som ligg nær kyrkjer og kyrkjegardar.

Tiltaksmidlane som blei delt ut til brannsikring for kyrkjene i samanheng med finanskrisa, skapte mykje glede og mykje arbeid på grunn av tidsfristar og ferieavvikling .

Når det gjeld ny liturgi og fleksibel bruk av gamle kyrkjer held kyrkjelydane fram med å planlegge kyrkjelydsbygg som inneheld praktiske rom for den alminnelege gudstenesta søndag formiddag.

Vi har hatt svært godt samarbeid med seniorkonsulent for kyrkjebygg, som frå 2009 har kontor i Stavanger og Oslo.

Tekniske krav kom i konflikt med dei kulturhistoriske omsyn i høve til nytt orgel i Trefoldighetskirken i Arendal. Dette førte til vedtak på tvers av Riksantikvaren si tilråding. Riksantikvaren anka til departementet som gav Riksantikvaren støtte. Saka fant sin løysing tidleg i 2010. Saka reiser viktige prinsipielle spørsmål i forhold til Riksantikvaren sin rådgjevande funksjon og biskopen si avgjeringsmynde jf rundskriv T/3-2000 i forhold til kyrkjer som er listeførte eller har status som automatisk verna.

Elles er den store hendinga på kyrkjefronten vigslinga av Gulset kyrkje 21.03.2009. Andre byggetrinn stod da ferdig og Borgny Svalastog sin totalutsmykking har vakt stor interesse.



I samband med bygging av nytt orgel i Trefoldighetskirken i Arendal, blei behovet for å stiva av orgelgalleriet med søyler ei utfordring i forhold til å ta vare på den arkitektoniske kulturarva kyrkja representerar. (Foto: ATB/G. Myre)



Grimstad TenSing (i grønt) ledet 1200 deltakarar i song på båtdekket (Foto: ATB/E. Jakobsen)

4.5 Miljøtiltak

Forbruk og rettferd har vore diakoniråd-gjevar sitt ansvarsområde fram til sommaren 2009. Av di diakoniråd-gjevar søkte om redusert stilling for ein periode, og fleire i arbeidsgruppa for Forbruk og rettferd / miljøvern bad om avløy-sing, har vi søkt å finne fram til ny organisering av arbeidet.

Det har vore vanskelig å finne ledig kapasitet på bispekontoret. Vi håper at vi saman med regionkontakt for Kirkens Nødhjelp snart finn fram til ny struktur på arbeidet. Saka er ikkje gløymd. Vågsbygd er til dømes ny grøn kyrkjelyd. Agder og Telemark elles var godt representert på klimaseilasen til København, ca 60i alt. Til dømes var Grimstad Ten-sing med og

ynskjer å halde fram sitt engasjement imellom anna under fasteaksjonen 2010. Vidare fekk bispedømekontoret midlar til å gjennomføre eit kurs i økokjøring for biskop og tilsette ved bispedømekontoret.